



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17275 - 23/38426

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
18.05.2023

Forberedende klagebehandling - gbnr 106/11 Fanebust

Saka gjeld restaurering av driftsbygning.

Det ble gjeve løyve i vedtak datert 18.11.2020, og løyve om endra plassering i vedtak datert 02.06.2021.

Tiltakshavar klaga på gebyret i administrativt vedtak 1113/21.

Klagen ble avvist i vedtak datert 21.10.2021.

Tiltakshavar klaga på avvisinga den 27.10.2021. Klagen er rettidig.

Vurdering:

Tiltakshavar viser til ein uttale frå eit førebels svar frå Knut Bjørnevoll den 22.06.2021 om at klagen kan føre til at vedtaket verdt endra.

Byggesaksavdelinga sin vurdering: Ordlegginga i brevet kan ikkje forståast som ein garanti for at klagen fører til anna utfall.

Tiltakshavar viser og til plan- og bygningslovens regel om at ein tillatels reknast å vere gitt dersom fristen overskridast. Han forstod det slik at gebyret falt bort når han ikkje fekk informasjon frå kommunen knytt til sin klage.

Byggesaksavdelinga sin vurdering: Regelen er heimla i pbl. § 21 -7 og gjeld i tilfella det er søkt om tillatels til tiltak, og ikkje ved klage på vedtak. Når eit vedtak er treft skal gebyret betalast uavhengig av om det klagast på gebyret. Ein klage fører ikkje til utsett betalingsfrist jf. gebyrregulativ for 2021 pkt. 4.1

Tiltakshavar ber om at gebyret reknast ut i frå pkt. 5.1.1 i gebyrregulativet.

Byggesaksavdelinga sin vurdering: I gebyrregulativet pkt. 4.3 presiserast det at pkt. 5.1 kan brukast der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Byggesaksavdelinga forstår det slik at regelen brukast for å gi høgare gebyr enn det som er fast sats, og ikkje lågare gebyr, slik som klagar ber om.

